

HOVEDFUNN

Frivillig innsats i Noreg 1998-2014

Bjarte Folkestad, Dag Arne Christensen, Kristin Strømsnes og Per Selle

- Kor mange gjer frivillig innsats i Noreg?
- Kven er dei frivillige?
- Kor mykje tid nyttar folk på frivillig arbeid, og kvar er dei aktive?
- Har nordmenn si deltaking i frivillig arbeid endra seg dei siste 15 åra?

Last ned heile rapporten på www.sivilsamfunn.no

Folkestad, B., Christensen, D. A., Strømsnes, K. og Selle, P. (2015). *Frivillig innsats i Noreg 1998-2014*. Rapport 4/2015. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Senter for forskning på
sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o ISF
Munthes gate 31
Pb. 3233 Elisenberg
0208 Oslo

www.sivilsamfunn.no
info@sivilsamfunn.no

 Følg oss på Twitter (@sivilsamfunn)

 Følg oss på Facebook

«Omfanget av frivillig innsats i Noreg er stabilt høgt, og til dels stigande.»

s. 65

«Omfanget av kjernefrivillige har auka den siste perioden, og dei nyttar noko meir tid på engasjementet sitt no enn tidlegare.»

s. 67

Sentrale endringstrekk

Fråkopling: Færre er medlemmar av organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for.

Spreiing: Fleire utfører frivillig arbeid for fleire organisasjonar enn tidlegare.

Skilnader mellom grupper: Skilnadene mellom dei som har barn i hushaldet og dei som ikkje har det aukar. Samstundes finn me at skilnadane mellom utdanningsgrupper vert mindre.

Dei kjernefrivillige utgjør ein større del av befolkninga.

Nivå og omfang

- Prosentdelen som er frivillige i Noreg er stabilt høgt, og til dels stigande.
- 61 prosent seier at dei har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon dei siste 12 månadene.
- I 2014 utførte fleire frivillig arbeid i Noreg enn i Sverige og Danmark.
- Det gjennomsnittlege timetalet nytta på frivillig arbeid er stabilt, og varierer mellom 14 og 15 timar frå 1998 til 2014.


Kjernefrivillige

.. er definert som personar som har utført minst 10 timar frivillig arbeid i løpet av dei siste fire vekene (2,5 timar i uka).

.. utgjorde 19 prosent av den norske befolkninga, og 48 prosent av dei frivillige i 2014.

- Blant dei kjernefrivillige har det gjennomsnittlege timetalet auka frå 23 til 26 timar i månaden frå 1998 til 2014.

Figur 1: Kjernefrivillige. Prosentdel av befolkninga og gjennomsnittleg timetal utført siste fire veker, 1998-2014.



Om undersøkingane

Analysane i rapporten er basert på to hovuddatakjelder:

Frivillig innsatsundersøkingane

Fire befolkningsundersøkingar om frivillig innsats gjennomført i 1998, 2004, 2009 og 2014.

Frivillighetspanelet

Ein web-basert spørjeundersøking gjennomført som ein del av Universitetet i Bergen (UiB) sitt Medborgerpanel i 2014 og 2015.

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Kjernefrivillige er definert som personar som har utført minst 10 timar frivillig arbeid i løpet av dei siste fire vekene. N Kjernefrivillig = 1081.

Organisasjonstypar

- Idretten står i ei særstilling både med tanke på storleik og stabilitet over tid. Gjennom heile perioden utfører rundt 40 prosent av dei frivillige sitt arbeid for ein idrettsorganisasjon.
- Mellom 20 og 30 prosent arbeider frivillig innan velforeiningar eller kultur- og fritidsorganisasjonar.
- Mange organisasjonar har eit berg- og dalbanemønster på nivået, noko som gjer det vanskeleg å seie noko konkret om tendensar. Men organisasjonane innan utdanning, opplæring og forskning har hatt jamn vekst over tid.

Tabell 1: Frivillig arbeid fordelt etter organisasjonstypar, 1998-2014. Prosentdel av frivillige. Prosent (Fleire svar mogeleg).

	1998	2004	2009	2014
Idrett og sport	38	40	41	41
Velforeiningar, grendelag og nærmiljø	9	30	26	29
Hobby, fritid, utandørsaktivitet og sosiale foreiningar	21	34	26	27
Kunst og kultur, korps og kor	17	18	23	21
Burettslag og bustadbyggjelag	-	13	15	18
Utdanning, opplæring og forskning	4	8	10	14
Religion og livssyn, inkludert Den norske Kirke	14	11	9	14
Helse, pleie og redningsarbeid	6	12	9	11
Sosiale tenester og rusmiddelomsorg	12	7	9	10
Internasjonal utveksling, nødhjelp, bistand og menneskerettsarbeid	6	5	6	10
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	17	7	10	10
Natur-, miljø- og dyrevern	2	5	5	7
Politiske parti	7	5	5	6
Andre områder	6	7	4	5
Rettighets-, støtte- og fråhaldsarbeid	6	2	2	3
N=	876	734	750	1172

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta.

- Hadde me klassifisert organisasjonssamfunnet annleis ville idretten ikkje hatt ein så sterk posisjon. Å slå saman svært like organisasjonstypar som t.d. nærmiljøorganisasjonar og husværeorganisasjonar, ville gitt ein like stor kategori som den for idrettsorganisasjonane.

Medlemskap og organisasjonstilknytning

- Fleire arbeider for fleire organisasjonar no enn tidlegare: 21 prosent i 2014, mot 8 prosent i 1998, seier dei har gjort frivillig arbeid for tre eller fleire organisasjonar dei siste 12 månadane.
- Stadig færre er medlem av den organisasjonen dei utfører frivillig arbeid for (frå 88 prosent i 1998 til 76 prosent i 2014). Sjølv om $\frac{3}{4}$ framleis er medlem av organisasjonen dei utfører frivillig arbeid for, ser me ein tendens til at koplinga mellom dei frivillige og organisasjonane vert svakare.

«Idretten er framleis den organisasjonstypen der flest deltek i frivillig arbeid»

s. 67

«Den frivillige innsatsen vert i aukande grad fordelt på fleire organisasjonar.»

s. 68


«Det er færre no enn tidlegare som er medlem av organisasjonen eller organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for.»

s. 68

Kjenneteikn ved frivillige

- Frivillig engasjement er framleis knytt til sosiale ressursar. Den typiske frivillige er ein gift mann mellom 35 og 49 år, som har barn i hushaldet, høg utdanning og høg hushaldsinntekt.
- Fleire av dei som har barn i hushaldet deltek frivillig no enn tidlegare.
- I 2014 svarte 72 prosent av dei som hadde barn i hushaldet at dei hadde utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon dei siste 12 månadene. Det tilsvarande talet for dei utan barn i hushaldet var 56 prosent.
- I 2014 er det framleis slik at dei med høgare utdanning deltek meir enn dei med lågare utdanning. Likevel ser me at skilnadane mellom dei med høg og låg utdanning vert mindre over tid.

Figur 2: Frivillig deltaking etter utdanning, om ein har barn og årstal. Prosent.



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Har ikkje barn, låg utdanning N = 2898; Har barn, låg utdanning N = 1308; Har ikkje barn, høg utdanning N = 1137; Har barn, høg utdanning N = 863

- Når ein analyserar frivillig deltaking utanom idretten forsvinn skilnadane etter sosial bakgrunn (som kjønn, alder og det å ha barn). Dette tyder på at det er større sosiale skilnader i idretten enn i resten av organisasjonslivet.

«Det er tendens til ei utjamning der dei med lågare utdanning kan vere i ferd med å nærme seg det frivillige engasjementet til dei med høgare utdanning.»

s. 46

«Me ser klart at effekten av å ha barn er blitt viktigare for om folk deltek i frivillig arbeid eller ikkje.»

s. 49

«Dei sosiale skilnadene er langt meir markante i idretten enn innafor andre deler av sektoren.»

s. 70

Sentrale referansar

Wollebæk, D. og Sivesind, K. H. (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997-2009*. Rapport 3/2010. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Wollebæk, D., Sætrang, S. og Fladmoe, A. (2015). *Betingelser for frivillig innsats. Motivasjon og kontekst*. Rapport 1/2015. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Uni Research Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning